



Den nye tomannsbustaden som kjem i Ospelunden

Byggeaktiviteten har vore god i Uskedalen dei siste åra, og den gode utviklinga held fram. Denne veka har nye hus byrja å poppa opp både i Ospelunden byggjefelt og i byggjefeltet i Nedre Halsane. Det går raskt fram begge stader, og vi kan sjå forandringar frå dag til dag, ja, i det eine tilfellet frå time til time.

I Ospelunden er det på tomannsbustaden som brødrene Røssland byggjer inst i feltet, arbeidet no er i gang. Der er no veggene reist. Etter det vi kjenner til, skal arbeidet her gå fortløpande på dei to leilighetene som vert bygt for salg.

I Nedre Halsane byggjefelt er det einebustaden som det no er starta reising på. Den er bygt i seksjonar i Litauen. Kjem på store trailerar til Uskedalen, og like etter dei første seksjonane var lossa i føremiddag start reisinga av veggene. Her går det svært fort unna. Resultatet ser de på bileta nedanfor. Dei to første bileta som er tekne med vel ein halv times mellomrom medan det nederste er tatt kl.15. Einebustaden er for lengst seld til tilflyttarar.

I tillegg til nybygginga har det vore god omsetnad på hus i det siste. Etter det uskedalen.no kjennert til, er det selt 4 hus dei siste vekene, eitt på Eik, eitt i sentrum og to i byggjefeltet ovanfor bedehuset. Det i sentrum skal vera selt til tilflyttarar medan dei tre andre skal vera selt til ungdommar frå Uskedalen.



Seksjonane er komne til Nedre Halsane.



Ein god halvtme seinare er dei godt i gang!



Kl.15 var det bordkleddde vegger rundt heile huset.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland